

Framleis potetopptak på Døssland, Haugland og i Holmen.

04.09.2020



Det er rikeleg med poteter i Holmen.

Potetopptaket i september/oktober månad var eit fast innslag i gardsdrifta før. Alle i familien og saman med naboane samla seg til å få potetene i hus. Borna fekk fri frå skulen for å vera med, det som vart kalla potetferie. Det er framleis potetopptak i Uskedalen, mellom anna på Døssland hos Hege og Trond Lekva Myklebust, på Haugland hos Katrine og Steinar Haugland og i Holmen hos Svein Ottar Rørheim.

I eldre tid brukte ein mykje hakke, grep og greip. Seinare kom potetopptakarane laga for ein eller to hestar. Mest bruk var Herkules potetopptakar med sideutkast, produsert i Arvika i Sverige. Med traktoren vart mange av desse opptakarane bygde om for maskinell drift. Nest steg i utviklinga var belteopptakar, slik vi ser brukt i Holmen.

Svein Ottar Rørheim fortel til Uskedalen.no at potetene vart sette 4. mai. Han har brukt det same utstyret som Edvin Kjærland brukte i si tid. Edvin dreiv stort med poteter og grønsaker for salg.



Fleire familiar er samla i Holmen for å ta opp potetene.

I Holmen var fleire familiar med på potetoptaket. Det var rikeleg både med poteter og gulerøter. Potetene er av sorten Kerspink og Pimpernell.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat



Edvin Kjærland sin belteoppakar er framleis i bruk.